

JOURNALISTPRISEN

HEIDERLEG OMTALE
— 2020/2021 —

Magnus Lindahl *Hallingdølen*

Veke 11 i 2020 starta med at vi alle gjekk på jobb som vanleg, men enda med at Kong Harald talte gravalvorleg til folket. Pandemien tok grep om samfunnet og sende oss i isolasjon på heimekontor.

For beslutningstakarane i norske kommunar er tida frå og med veke 11 truleg den vanskelegaste perioden i deira yrkesaktive liv – då dei over natta vart kriseleiarar for den verste nasjonale krisa sidan 2. verdskrig.


Men kva skjedde eigentleg i kulissane i veke 11 då krisa ramma norske kommunar? For Hallingdølen enda veke 11 i 2020 med ei 13 sider lang reportasje som sto på trykk i Feriemagasinet i juni. Den har fått tittelen «Sju dagar som endra Norge», og er like mykje eit historisk dokument som ein reportasje.

Gjennom et aktivt og bilderikt språk har journalisten laga ein grundig og spennande forteljing om kva som skjedde i Hallingdal mellom 9. og 15. mars i fjor. På framifrå vis har journalist Magnus Lindahl vist kva lokalavisa betyr når befolkninga skal få innsyn i kva som skjedde i kulissane gjennom det avisa kallar «Helvetesveka.»

Journalisten har bygd opp ein spennande og ikkje minst grundig forteljing om kva som skjedde, fortalt på ein måte som grip tak i lesaren. Han fortel med aktivt språk om kva som skjedde bak kulissane i kommunane, hos lokalt næringsliv, sjukeheim, skular og hos dei mange hytteeigarane som har vore viktige for Hallingdal i hundre år. Mange av de spørsmåla som vert stilt er fortsatt høgaktuelle og vil vere det i lang tid.

For denne godt dokumenterte og velskrivne historieforteljinga får Magnus Lindahl i Hallingdølen heiderleg omtale.

JURYEN, OSLO, 18. JUNI 2021


Silje Skiphamm


Grethe Gynnild-Johnsen


Arne Jensen